



Kommunal- og regionaldepartementet, kommunalavdelinga
Postboks 8129 Dep

0032 Oslo

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
RLO	2008/2844	12838/2008		17.09.2008

Høyringsuttale frå Vinje kommune om endringar i vallova og kommunelova

Vinje kommune har følgjande uttale til høyringsnotatet:

Punkt 3.4 Perioden for førehandsrøysting

Tidelegrøysting:

Vinje kommune meiner at det ikkje bør innførast tidelegrøysting frå 1. juli. Førehandsrøystinga startar allereie 10. august, og fram til valdagen blir det lagt til rette med langdagar, laurdagsøpe, røysting på institusjonar osv. Så omsynet til veljarane slik at dei får røysta er godt ivareteke med desse ordningane.

Sjølv om ordninga blir mindre ressurskrevjande enn om sjølve førehandsrøystinga skulle byrje 15. juli må ein likevel ha ressursar tilgjengelege midt i ferieavviklinga. Kommunane må då syte for at det til ei kvar tid er personar tilgjengelege i ferieavviklinga som kan ta i mot førehandsrøyster. Dette kan bli ei stor utfordring for små kommunar.

Med helsing

Reidun Lofthus
administrasjonssekretær